



Føresegner

Plan: Offentleg detaljreguleringsplan – Førde Brannstasjon, gbnr 61/470, 61/485, 61/471, 61/470, 61/378 og 61/139	PlanID: 464720220008		
	Arkiv nr.:		
Utarbeidet av: iVest Consult AS	Dato: 05.06.2024		
Revisjon i prosess:			
10.01.2025, 07.03.2025			
Vedtak/stadfesting:			
Avskrift:	Sign.kontroll:		
Endringar:	Saksnr.	Dato:	Sign:
Endringar etter høyring		26.03.2025.	

1 Siktemålet med planen

Hovudsiktemål med reguleringsplanen er tilrettelegging for ny brannstasjon i Førde, sikre uteoppholdsareal til skule og turveg langs Jølstra, samt legge til rette for tenesteyting nordaust i planområdet.

Grønstruktur langs elva skal sikre kantvegetasjon og tilgjenge til strandsone langs vassdrag for ålmenta.

Etablert tilkomst vert vidareført.

For utfyllande opplysningar vert det vist til planomtale datert 05.06.2024.

2 Fellesføresegner for heile planområdet

2.1 Funksjons- og kvalitetskrav (§ 12-7 nr. 4)

2.1.1 Estetisk utforming

Alle tiltak innfor planområdet skal gjennomførast med god estetisk og arkitektonisk utforming i samsvar med funksjon og med respekt for omgjevnadane. Arealet skal gjevast ei tiltalande utforming og vere velregulert med omsyn til aktivitet og bruk.

Det skal leggjast vekt på gode materialval og fargebruk som er med på å gje området god arkitektonisk utforming. Alle tiltak, også mellombelse og flyttbare installasjonar, skal underordne seg landskapet på ein slik måte at dei ikkje bryt med horisontlinje (åsprofil, bakkekant, m.m.) eller kjem i konflikt/konkurranse med andre markerte landskapstrekk. Bygg skal planleggjast ut frå terreng og infrastruktur.

Ferdselsårer, bygg/konstruksjonar og uteareal skal ha god kvalitet i utforming og materialbruk, og løysingar som bidreg til god samanheng med tilgrensande areal i og utanfor planområdet.



2.1.2 Universell utforming

- a) Samferdsleanlegg og byggeområde skal vere utforma slik at alle skal kunne nytte dei på ein mest mogeleg likestilt måte utan spesiell tilpassing eller hjelpemiddel.
- b) Offentlege bygg skal vere universelt utforma, med mindre byggverket eller deler av byggverket etter sin funksjon er ueigna for personar med funksjonsnedsetting, jf. TEK17.
- c) Offentlege uteopphaldsareal skal i hovudsak vere universelt utforma, med unntak av dei delar som i høve sin funksjon er ueigna for personar med funksjonsnedsetting.

2.1.3 Varslingsplikt ved funn av automatisk freda kulturminne

Tiltakshavar har plikt til å vise varsemd og til å straks melde frå til Vestland fylkeskommune ved Kulturavdelinga/Bergen sjøfartsmuseum, dersom ein under arbeidet skulle støyte på automatisk freda kulturminne, jf. § 8, 2. ledd i Lov om kulturminne.

2.1.4 Terrenghandsaming og massehandtering

Terrenginngrep i samband med utbygging skal skje skånsamt, og skal utførast med omsyn til sideareala. Overgangar mellom skjering/fylling og eksisterande terreng skal rundast av der det er naturleg og tilsåast, eller murast med naturstein. Det skal ikkje etablerast murar over 2,5m. Ved avtrapping kan samla høgde overstige 2,5m.

Ved behov for utskifting av massar skal det leggjast fram ein massehandteringsplan i samband med søknad om igangsetjing av arbeid. Planen skal vise korleis jordmassane skal handterast, behov for mellomlagring, deponering, osb.

2.1.5 Landbruksareal

Ved utbygging av areal med matjord skal jorda takast vare på og flyttast til ein høveleg stad der den skal nyttast til vekstmedium for jordbruksproduksjon ved etablering av nytt jordbruksareal eller forbetring av eksisterande jordbruksareal. Før det vert gjeve løyve til oppstart skal det føreliggje plan/avtale på korleis jordmassane skal handterast.

2.1.6 Klimabelastning

Nye tiltak skal utformast, plasserast, dimensjonerast slik at dei kan stå i mot forventna framtidig auke i belastningar som følgje av vind, nedbør og slagregn. Tiltak skal utførast i varige og mest mogleg miljøvennlege materiale, tilpassa funksjon og omgjevnadene.

2.1.7 Handtering av overvatn

For nye bygg og anlegg skal handtering av overvatn inngå i teknisk plan i samband med detaljprosjekteringa for nye bygg, og det skal i prosjekteringa takast høgde for framtidig auke i nedbør (nedbørsauke på 40% i år 2100). Overvatn skal i størst mogleg grad takast hand om lokalt på kvar byggetomt og leiast til kommunalt leidningsnett. Løysing for overvatn skal ikkje medføre at tilstanden for vassførekomsten ved Førde - Hafstad og grunnvatn vert dårlegare, jf. Vassføreskrifta §4 og §6. Løysning skal godkjennast av teknisk avdeling.



2.1.8 Kraftforsyning og energikjelder

Nettstasjonar skal etablerast i tilknyting til bygg eller under bakke. Ved utbygging skal det takast omsyn til eksisterande høgspenst/lågspenst i området. Eventuelle behov for kabelpåvising, plassering av ny nettstasjon og liknande skal avklarast med nettselskap før tiltak kan utførast.

Ved etablering av nye bygg skal alternative energikjelder for oppvarming som vil gje miljømessig gevinst nyttast, som t.d. fjernvarme. Val av løysing skal særskilt grunngjevast ved søknad om etablering av bygg.

2.1.9 Belysning

All belysning skal vere avdempa og tilpassa omgjevnadane. For gatelys langs vegareal, på gatetun, gangareal og turveg, skal det nyttast belysning i samsvar med tekniske krav frå kommunen vedrørande belysning av kommunal veg. Retninga på lys skal ikkje gå rett ned mot Jølstra, det skal her nyttast stolpar som berre lyser opp gangareal der ein går, og ikkje ut i elva. Plassering og utforming av belysning skal inngå i søknad om tiltak.

2.1.10 Parkering

Det skal etablerast parkeringsplassar for bil og sykkel i samsvar med Norm for parkering for Sunnfjord kommune, kommuneplanens arealdel 2024-2035, vedtatt 20. juni 2024.

Minimum 5 % av parkeringsplassane skal vere reservert for forflytningshemma på alle parkeringsareal i samsvar med parkeringsnorm.

Minimum 6% av parkeringsplassane skal leggjast til rette med lademoglegheit for elektrisk motorvogn.

For skuleområdet er det krav til at 100% av sykkelparkeringa skal vere under tak.

2.1.11 Teknisk anlegg

VA-anlegg og anna teknisk anlegg skal i hovudsak etablerast i tilknyting til veganlegg, gatetun og fortau/sykkelveg/gangveg. Det skal ved detaljprosjektering utarbeidast ein teknisk plan der det skal gå fram korleis utbygging av VA-anlegg og anna teknisk anlegg, samt overvatn, skal løysast. Sløkkevassforsyning og punkt for uttak skal og inngå i teknisk plan.

2.1.12 Renovasjon

Det skal etablerast eigne rom/bygg for avfallshandtering ved etablering av nye bygg innanfor området. Desse skal plasserast på ein slik måte at det vert lett tilgjengeleg for henting/tømming av aktuelt renovasjonsselskap. Valt renovasjonsløyving skal ikkje vere til sjenanse, verken med omsyn til estetikk eller lukt. Det bør vurderast kjøling av rom/bygg ved renovasjon. Krav i gjeldande vedtekter i renovasjonsteknisk forskrift for Sunnfjord kommune skal stettast.

2.1.13 Beredskap

Det må leggjast til rette for tilkomst for utrykkingskøyretøy fram til bygg. Ved detaljprosjektering skal det sikrast oppstillingsplass for brannlift som krev 7x14m, og med avstand til bygga. Vegareal kan også nyttast til dette formålet.



2.1.14 Byggegrense

Byggetiltak skal plasserast innanfor dei regulerte byggegrensene. Der byggegrense ikkje er vist, gjeld reglane i Plan- og bygningslova. Gatelys kan plasserast i eigedomsgrenser.

2.1.15 Utnyttingsgrad

Maksimal utnyttingsgrad er fastsett som %-BYA, etter reglane i teknisk forskrift. Eit vilkår for å utnytte tomte med maksimal %-BYA, er at krav til byggehøgde, byggegrense og dokumentert parkeringsdekning er innfridd.

2.2 Miljøkvalitet (§ 12-7 nr. 3)

2.2.1 Forureining, Støy

Grenseverdiar for støy skal overhaldast ved nye tiltak i planområdet, retningslinjer T-1442 skal leggjast til grunn. I detaljprosjektering av bygg og uteopphaldsareal skal det takast særleg omsyn til støy. Dette i hovudsak ved at støyfølsame areal etablerast mot stille side, eller at det vert gjennomført støyreduserande tiltak.

2.2.2 Anleggsperiode

Ved anleggsarbeid skal det utarbeidast plan/driftsplan for anleggsarbeidet. Denne skal vise;

- Omfanget av aktuelt arbeid/arealdisponering.
- Tidsaspekt for gjennomføring.
- Trafikk og skiltplan, der løysingar for å sikre trygg tilkomst for mjuke trafikantar skal visast.
- Støy og støv; Behov for avbøtande tiltak og ev. forventa effekt av desse.
- Plan for varsling av naboar/andre som vert påverka i området (brev, e-post, SMS, ev. relevante media ved tiltak som vil påverke mange) i samsvar med rettleiar T1442. Det skal førast tett dialog med naboar som vert påverka i høve anleggsarbeidet.

Kringliggjande område som vert påverka av anleggsarbeid skal tilbakeførast til slik det var eller opparbeidast i samsvar med planføremål.

2.2.3 Framande artar

Før gjennomføring av tiltak skal det gjerast registrering av framande planteartar i og ved planområdet. For fjerning av førekomstar av framande artar skal det utarbeidast ein tiltaksplan som viser planlagt handtering og deponering av jordmassar med omsyn til å unngå vidare spreiding. Ved fjerning av infiserte massar skal dette leverast til godkjent mottak/deponi.

3 Føresegner for arealformål

3.1 Bygningar og anlegg (§ 12-5 nr. 1)

3.1.1 Felles føresegn – Bygningar og anlegg

- a) I samband med byggesøknad skal det leggjast ved detaljert situasjonsplan i målstokk 1:500/1000 som viser høgde, snitt, fasadar, belysning og perspektiv



som illustrerer byggas form og volum, høgder, material-/fargebruk, i samanheng med omgjevnadane. Alle bygg skal etablerast med høg arkitektonisk kvalitet. Det skal i tillegg for større bygg leggst fram illustrasjonsplan i 3D med skildring som synar tiltaket i høve eksisterande omgjevnadar.

- b) Ved etablering av store bygningsvolum, der lengda på fasade er over 50 meter, skal det vera brot i fasaden i form av endra byggjehøgde, framspring eller tilbaketrekking av fasadelinje eller ved annan materialbruk.
- c) Det skal sikrast gode uteopphaldsareal innanfor områda. Uteopphaldsareal skal ha universell utforming, gode soltilhøve, med skjerming mot ver og vind, og vern mot støy, samt skjermast mot innsyn der dette er hensiktsmessig for brukarar.
- d) Delar av det ikkje utbygde arealet av tomta skal opparbeidast som grøntområde med tilplanting, og området skal gjevast ei tiltalande utforming.
- e) Tekniske rom og tekniske anlegg skal plasserast i bygning eller i grunnen. Det er ikkje tillate med tekniske rom/anlegg på tak. Gjeld ikkje delar av tekniske anlegg som treng tilgang på uteluft og som det er naturleg å plassere på tak, som til dømes varmepumpe, inntak/avkast for ventilasjonsanlegg og liknande.
- f) Innanfor planområdet kan det oppførast trafokioskar, pumpestasjonar eller andre innretningar for tekniske anlegg der dette er naudsynt. Frittstående bygg skal tilpassast staden si busetnad med omsyn til form og farge. Kommunen skal gje løyve til slik innretting.
- g) Nye høgspente nettstasjonar/transformator i større bygningskompleks skal integrerast i bygningsmassen i samsvar med nettselskapet sine særskilde krav til utforming av rom, tilkomst, ventilasjon m.m. Dersom nettstasjon/transformator vert oppført utanfor bygget, må denne plasserast minst 5m utanfor bygningar med brennbare overflater. Avstanden gjeld og til terrassar og liknande brennbare utstikk som er direkte knytt til bygget.
- h) Innanfor området kan det etablerast lokale støyskjermingstiltak.

3.1.2 Offentleg eller privat tenesteyting (1160), T1-2

- a) Formål T1-2 er regulert til offentlig tenesteyting
- b) Bygg innanfor områda skal ha minimum 2 etasjar. Bygg kan etablerast med maksimum 5 etasjar, med maksimum byggjehøgde er 19 meter frå ferdig golv plan 1. Byggjekonstruksjon skal fundamenterast for 5 etasjar for å gje moglegheit for maksimal utnytting. Utbygging kan skje i fleire etappar.
- c) Maks tillate bebygd areal er %BYA= 70%.
Kotehøgde for plan 1 skal innanfor T1 vere min. kote + 3,6, og innanfor T2 vere min. kote +3,45. Dersom dette skal fråvikast, skal det leggst fram dokumentasjon på at sikring i høve flaumfare og inntrenging av vatn er ivareteke. Dette gjeld også ved etablering av bygg under bakkenivå som t.d. parkeringskjellar. Dersom det skal etablerast parkeringskjellar, må innkøyrseleggast over flaumsikker byggehøgde slik at vatn ikkje trenger inn ved ein flaumhending. Minimumskrav for tiltak i tryggleiksklasse F2 er kote + 3,45. Dersom tiltak gjev krav til sikkerheitsklasse F3 vert krav til kotehøgde sett til minimum kote +3,6.
- d) Ved ev. etablering av kjellar/parkingskjellar gjeld formålsgrenser satt på bakkenivå som byggegrenser.

3.1.3 Undervisning (1162), UN1-2

- a) Område UN er regulert til skuleområde for Hafstad skule, og omfattar uteområde for skulen, samt delar av eksisterande skulebygg.



- b) Innanfor området kan det etablerast bygg og konstruksjonar som legg til rette for undervisning, uteopphald, aktivitet og lek. Slike mindre bygg/konstruksjonar kan etablerast utanfor byggegrenser. Uteopphaldsareal skal ha ei utforming som gjev moglegheit for opphald, sosialt samkvem, rekreasjon, lek og spill. Utforminga skal leggjast til rette slik at det gjev moglegheit for ulike typar aktivitet til alle årstider. Bygg skal plasserast innanfor byggegrenser som er vist i plankart og kan oppførast med gesimshøgde på maks. 10m.
- c) Det skal setjast av minimum 30m² uteopphaldsareal per elev.
- d) Det er ikkje høve til å føre opp trafostasjonar, mobilmaster og -sendarar innanfor området.
- e) Ved etablering av aktivitetar for ballspel nær hovudveg E39 og langsgåande gang-/sykkelveg skal det monterast stengsel som hindrar at det kjem ballar frå banene ut på vegen eller gang-/sykkelveg. Utforming av sikring må avklarast med Statens vegvesen før denne vert montert.

3.2 Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (§ 12-5 nr. 2)

3.2.1 Fellesføresegner - samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur

- a) Areal til køyreveg omfattar både køyrebane og skulder.
- b) Ved igangsetjingssøknad skal samferdselsanlegg detaljprosjekterast i samsvar med vegnormalar med utforming som gate etter handbok N100.
- c) Ved avkøyrslar skal det takast omsyn til fri sikt ved utforming av areala.
- d) Prinsippet om universell utforming skal ligge til grunn ved prosjektering av veginnlegget, inklusiv areal for gåande og syklande.

3.2.2 Køyreveg, KV1-2

- a) KV1-2 er avsett til offentleg formål for køyreveg.
- b) Veg skal utarbeidast i samsvar med plankart, med 6,5 meters breidde.
- c) KV2 vil vere del av naudveg etablert på vestsida av politistasjonen (utanfor planområdet), og kan nyttast ved utrykking dersom hovudtilkomstvegen er stengt. Naudvegen skal vere stengt med bom eller liknande til vanleg. Det skal utarbeidast rutinar for bruk av vegen før brannstasjonen vert opna.

3.2.3 Fortau (2012), FO

- a) FO er offentlege fortau og skal tilfredsstille krav til universell utforming i NS11005.
- b) Fortau skal utarbeidast i samsvar med plankart, i hovudsak med 3 meters breidde.

3.2.4 Gang-/sykkelveg (2015), GS

- a) GS er avsett til offentleg formål for gang-/sykkelveg.
- b) Det kan utførast tiltak for å tilrettelegge for universell utforming av gang-/sykkelveg. Den skal ikkje asfalterast
- c) Det kan etablerast tiltak som hindrar motorisert ferdsel på gang-/sykkelveg. Eventuelle sperringar skal utformast slik at dei ikkje er til hinder for syklistar og rullestolbrukarar.

3.2.5 Anna veggrunn – grøntareal (2019), AVG1-2

- a) AVG1 omfattar annan veggrunn knytt til E39
- b) AVG2 omfattar annan veggrunn knytt til kommunal veg (KV1-2)



- c) AVG er avsett til offentlig formål og omfattar areal tilhøyrande offentlig veganlegg for rekkverk, grøfter, skråningar, skjeringar, mur, gatelys, osv. Gatelys kan setjast opp inntil 0 meter frå eigedomsgrense. Innanfor området kan det og leggjast kommunalt VA-anlegg. Skråningsareal skal dekkast med jord etter inngrep, såast til og gjevast eit grønt preg. Murar skal som hovudregel byggjast i naturstein.
- d) Innanfor området kan det etablerast lokale støyskjermingstiltak, så lenge desse ikkje er til hinder for sikt.

3.3 Grønstruktur (§ 12-5 nr. 3)

3.3.1 Felles føresegn - Grønstruktur

- a) Det er ikkje høve til å føre opp trafostasjonar, mobilmaster og -sendarar innanfor grøntformåla.
- b) Grøntområda skal vere tilgjengeleg for ålmenta, areala skal så lang som råd leggjast til rette med universell utforming.

3.3.2 Friområde (3040), FRI1-2

- a) Områda er offentlig friområde for ålmenta og skal framstå som naturområde/kantvegetasjon langs Jølstra.
- b) Enkel tilrettelegging, dvs. bord og benkar, er tillate. Tilrettelegging som krev inngrep i friområdet er ikkje tillate.
- c) Innanfor FRI 2 ligg «Landabryggja». Opplevingsverdi og lesbarheit til kulturminnet skal sikrast, og det er viktig at kulturminnet er synleg og tilgjengeleg. Det er tillate med tiltak som tek omsyn til dette og som ivareteke kulturminne. Alle tiltak i området skal sendast regional kulturminnemynde for kulturminnefagleg fråsegn.

3.4 Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone (§ 12-5 nr. 6)

3.4.1 Friluftsområde i sjø og vassdrag , FLV

- a) Område FLV omfattar del av Jølstra.
- b) Det skal ikkje utførast tiltak som kan medføre skade eller ulempe for vassdraget, eller hindre løpet til elva.
- c) Vegetasjonsbelte langs elv skal oppretthaldast. Ved inngrep i kantvegetasjon som inneber å fjerne meir enn «vanleg skjøtsel», må det søkjast Statsforvaltaren om dispensasjon frå § 11 i vassressurslova.

4 Føresegner til omsynssoner (§ 12-6, 12-7 og 11-8)

4.1 Sikringssone – Frisikt, (H140)

Alle kryss og avkøyrslar skal ha fri sikt i samsvar med handbok N100, Veg- og gateutforming (Vegdirektoratet). Sunnfjord kommune og Statens vegvesen kan krevje sikthindrande vegetasjon og gjenstandar fjerna.



4.2 Omsynssone - Støysone (H210 – H220)

- a) Gjeldande retningslinje for handsaming av støy i arealplanlegging (T-1442/2021) skal leggjast til grunn for tiltak innanfor faresone for støy.
- b) H210_1 – Raud støysone frå vegtrafikk ved E39
- c) H220_1 – Gul støysone frå vegtrafikk
- d) H220_2 – Gul støysone frå luftambulanse
- e) Støyvurdering for tiltak som omfattar støyfølsam bruk skal følgje byggesak, der behov for tiltak for å støtte gjeldande krav og forskrifter vert utgreia.

4.3 Flaum (H320)

- a) H320_1: Fare for flaum innanfor denne omsynssona har større årleg sannsyn enn 1/20. Innanfor omsynssona er det forbod mot tiltak i tryggleiksklasse F1, F2, og F3 (jf. byggt teknisk forskrift § 7-2) før det er dokumentert at tilstrekkeleg tryggleik vert nådd. Eventuelle tiltak i fareområde må ikkje føre til skade eller vesentleg ulempe for anna areal, jf. TEK17 § 7-1 andre ledd. Tilstrekkeleg tryggleik må dokumenterast av fagkyndige.
- b) H320_2: Fare for flaum innanfor denne omsynssona har større årleg sannsyn enn 1/200. Innanfor omsynssona er det forbod mot tiltak i tryggleiksklasse F2 og F3 (jf. byggt teknisk forskrift § 7-2) før det er dokumentert at tilstrekkeleg tryggleik vert nådd. Flaumsikker kote for klimajustert 200-årsflaum (inkludert sikkerhetsmargin) er +3,45 moh. Eventuelle tiltak i fareområde må ikkje føre til skade eller vesentleg ulempe for anna areal, jf. TEK17 § 7-1 andre ledd. Tilstrekkeleg tryggleik må dokumenterast av fagkyndige.
- c) H320_3: Fare for flaum innanfor denne omsynssona har større årleg sannsyn enn 1/1000. Innanfor omsynssona er det forbod mot tiltak i tryggleiksklasse F3 (jf. byggt teknisk forskrift § 7-2) før det er dokumentert at tilstrekkeleg tryggleik vert nådd. Flaumsikker kote for klimajustert 1000-årsflaum (inkludert sikkerhetsmargin) er +3,60 moh. Eventuelle tiltak i fareområde må ikkje føre til skade eller vesentleg ulempe for anna areal, jf. TEK17 § 7-1 andre ledd. Tilstrekkeleg tryggleik må dokumenterast av fagkyndige.

4.4 Ivaretaking – kulturmiljø (H570)

Område omfattar kulturminne «Landabryggja». Opplevingsverdi og lesbarheit til kulturminnet skal sikrast og det er viktig at kulturminnet er synleg og tilgjengeleg. Det er tillate med tiltak som tek omsyn til dette og som ivareteke kulturminnet, jf. § 3.3.2 c).

5 Føresegner til føresegnsområde

5.1 Føresegner til føresegnsområde (område #1)

5.1.1 Vilkår for bruk av areal, bygningar og anlegg, #1

- a) Innanfor føresegnsområde #1 skal det sikrast gjennomgang/tilkomst mellom gang-/sykkelveg (GS) og gangbru i vest.



6 Rekkjefølgjeføresegner

6.1 Før rammeløyve

- a) I samband med søknad om nye byggetiltak skal det leggjast fram situasjonsplan i målestokk 1:500 som, i tillegg til bygningar med påførte kotehøgder, viser korleis ubygde delar av tomt er tenkt planert, tilplanta og utnytta. På kartet skal det visast eventuelle forstøtningsmurar, gjerder, areal for bilparkering, grøntanlegg og liknande. Terrengsnitt med påførte kotehøgder skal syne eksisterande og nytt terreng.
- b) Ved søknad om nye byggetiltak skal det leggjast fram arkitektonisk vurdering av valde fasadeløysingar i høve materialbruk og fargesetjing og illustrasjonar som viser dette i heilskaplege omgjevnadar.
- c) Det skal ved søknad om rammeløyve/byggeløyve utarbeidast utomhusplan. Planen skal syne plassering og hovudform på bygningar, veg- og parkeringsløysingar, tilkomst, materialbruk, høgder på terreng og bygg, utomhusareal, offentleg- og felles areal, grøntanlegg, avfallshandtering og tekniske installasjonar. Profilar og illustrasjonar skal syne volum og bygningsform samt tilpassing til terreng og omgjevnader. Renovasjonsløysing skal vere godkjent av renovasjonsselskap.
- d) Det skal utarbeidast teknisk plan for vatn og avløp, inkludert overvatn, for tiltak innanfor planområdet. Tiltak for sløkkevatn skal avklarast med brannsjef.
- e) Ved rammeløyve for samferdselstiltak, skal køyreveg, gatetun, fortau, anna veggrunn og eventuelle støytiltak prosjekterast med utgangspunkt i Handbok N100, N101 og N200 (Statens Vegvesen), med rettleiarar. Vurdering av naudsynte sikringstiltak skal inngå.
- f) Ved søknad om tiltak skal det dokumenterast korleis universell utforming vert ivareteke (PBL § 1-1).
- g) Før utbygging av innanfor T2 skal det vere etablert bru over Jølstra som knyt Hafstadreina saman med Angedalsvegen.

6.2 Før igangsetjingsløyve (IG)

- a) Dersom det er behov for godkjenning frå andre instansar/lovverk (m.a. arbeidstilsynet, Statens vegvesen) skal dette føreligge ved søknad om IG.
- b) Dersom det føreligg større justeringar for tiltak i høve teikningar framlagt ved rammesøknad, eller tiltak krev meir detaljprosjektering, skal det leggjast fram oppdatert dokumentasjon, situasjonsplan/teikningar ved søknad om IG.
- c) Ved samferdsle- og infrastrukturtiltak, skal anlegga detaljprosjekterast. For veganlegg, skal det leggjast fram teikningar som viser plan, lengdeprofil, tverrprofil og normalprofil. Det er høve til mindre justeringar mellom dei ulike trafikkformål gjennom detaljavklaringar i prosjekteringa.
- d) Teknisk plan for vatn og avløp, skal vise løysing for vassforsyning og avløp, samt løysing for handtering av overvatn og sløkkjevatn. For handtering av overvatn skal det takast høgde for framtidig auke som følgje av klimaendring. Sunnfjord kommune sin VA-norm som skal ligge til grunn i detaljprosjekteringa.
- e) Ved søknad om igangsetjing skal det leggjast fram plan/driftsplan for anleggsarbeidet, jf. punkt 2.2.2.
- f) Ved søknad om igangsetjing skal det framleggast dokumentasjon på utført registrering av framande artar, med tiltaksplan ved funn, jf. 2.2.3.
- g) Ved utbygging av areal med matjord skal det ved søknad om igangsetjing leggjast fram plan/avtale på korleis jordmassane skal handterast.
- h) Ved etablering av nye bygg skal alternative energikjelder for oppvarming som vil gjeve miljømessig gevinst i nyttast, som t.d. fjernvarme. Val av løysing skal særskilt grunngjevast.



6.3 Før bygg vert teken i bruk

- a) Før det vert gjeve bruksløyve skal område som har vorte påverka av anleggsarbeid vere tilbakeført/opparbeidd, jf. pkt. 2.2.2.
- b) Naudsynte støytiltak der dette er aktuelt skal vere utført før nye bygg vert teken i bruk.

7 Juridiske punktsymbol

7.1 Avkøyrslépiller

Avkøyrslépiller i plankartet er forslag til plassering av avkøyrslér og kan flyttast på ved nærmare prosjektering/byggesøknad.